



LEIGE AV STRYN KULTURHUS

1 Utleige

Stryn kulturhus tilbyr eit allsidig bruksområde:

Konsertar, teater, show, revy, utstillingar, events, kurs, møte, konferansar, selskap m.m. Ta kontakt om du er interessert i å leige eller ønskjer meir informasjon. Kulturhuset har trådlaust nettverk.

Kultursal/kinosal

Vart modernisert og fekk nye stolar i 2013. Salen har amfi med 364 stolar og 114 barnesete.

Frendehall Amfi og møterom

Frendehall ligg i 2.etg og har 72 stolar i amfi, i tillegg har kulturhuset fleire møterom i ulike storleikar som kan leigast ut kvar for seg eller slåast saman til større rom. Alle møterom er lyse og trivelege, og fleire er utstyrt med lerret, projektor m.m.

Foajee

Foajeen er open og lys, og nyleg modernisert. Foajeen eignar seg godt til utstillingar, events, arrangement, selskap m.m.

Heimskringla

Lokale er nyleg pussa opp og har fått nytt lyd/musikkanlegg. Lokale har eige kjøkken. Passar godt til ungdomsarrangement, mindre konsertar, diskotek, barneselskap m.m.

Musikkbingen

Vert frå hausten 2017 ein del av kulturskulen sitt øvingsrom. Dei som skal bruke musikkbingen må vere tilknytt kulturskulen. Kontakt rektor for meir informasjon.

Prisar

Kommunestyret fastsett prisar for utleige, og dei ønskjer differensierte prisar for lokale aktørar og andre leigetakarar. Det er difor skilnad i utleige satsane. Prisane for utleige vert justert årleg. Komplette prisliste finn du her: www.stryn.kommune.no Kulturhus/kino

Booking/leige

For booking/leige ta kontakt med kulturhusleiar, tlf. 57 87 47 65 / 909 70 853/ 992 88 617/ kariann.kaspersen@stryn.kommune.no Utvida opningstid kan avtalast mot tillegg i pris.

Om du er usikker på kva slags rom som eignar seg best for ditt behov, ta gjerne kontakt med kulturhuset for omvising.

2 Generelle vilkår for leige

Stryn kulturhus kan leigast til konsertar, teater, utstillingar, møte, konferansar, events og andre føremål. All leige skjer gjennom kulturhusleiaren

Leige og utlevering av nøklar

a) Skal skje gjennom kulturhuset sin administrasjon. Vedkomande som kvitterer ut nøklar, er ansvarleg for å gjere seg kjend med reglement for huset og rømmingsvegar. Vedkomande har og ansvar for å rydde etter seg, setje utstyr på plass, slå av lys, lukke dører og vindauge og låse.

b) Det skal betalast eit depositum på kr 200,- for å få utlevert nøkkel. Dette blir betalt tilbake når nøklar blir innlevert. Nøklar skal leverast tilbake seinast dagen etter at arrangementet er ferdig, eller etter avtale. Ved tap av nøkkel, har lånar erstatningsplikt på kr 2 000,-

Inventar og utstyr

a) Lokale og utstyr skal behandlast forsiktig

b) Leigetakar / arrangør er ansvarleg for å rydde etter seg (kulissar, rekvisita, kle osv).

Manglande rydding vert fakturert leigetakar med kr 300,- per time

Kunstutstilling/utstilling

Utstillingar skal vere på tilvist plass

Reinhald

Reinhald vert utført av kulturhuset sitt personal og er inkludert i leiga.

Kjøkken

Det er kulturhuset sitt personale som har adgang til kjøkken, kaffibar og kiosk. Ved behov for leige av kjøkken til større arrangement (basar, barnehagefest, avslutningsfest Tonning skule) skal det avtalast særskilt i samband med leige av rom / foajee med kulturhusleiar.

Mat og drikke

Mat og drikke kan ikkje takast med inn i kulturhuset. Kulturhuset har inngått avtale om levering av mat med lokalt cateringselskap. Servering av mat i samband med leige/arrangement kan tingast med kulturhuset. Kulturhuset har skjenkeløyve og alle rettar knytt til det. Unnateke frå dette er barnehagar i Stryn, Tonning skule/FAU Tonning skule ved leige av rom i kulturhuset til større arrangement. Dei kan etter avtale med kulturhusleiar, ta med mat og drikke på sine arrangement.

Billettsal

a) Alt billettsal skal gå gjennom kulturhuset sitt billettsystem

b) Kulturhuset reknar seg ei avgift per kjøpte billett

Kultur/kult-hus/Stryn kulturhus Reglar for leige

c) Ved kansellering av eit arrangement der billettsalet er starta opp, må leigetakar betale ei avgift på kr 10,- per selde billett i administrasjonsgebyr

Lyd og lys

Lyd og lysanlegg skal berre brukast av fagpersonar. Bruk skal avtalast med kulturhusleiar ved kvart høve.

Spesialeffektar

Bruk av røykmaskin, pyro-effektar o.l. skal avtalast spesielt med kulturhuset på førehand. Slikt utstyr skal handterast av kvalifisert personell. Open varme er strengt forbode.

TONO

Avgift til TONO skal dekkjast i si heilheit av leigar, dvs arrangøren av kvart einskild arrangement.

Marknadsføring

Inkludert i leigeprisen er oppheng av plakatar i Stryn kulturhus og symjehall, samt 3-4 plassar i Stryn sentrum og marknadsføring via www.stryn.kommune.no

Garderobe

Leigar får fritt bruke tilvist garderobe. Etter bruk skal desse ryddast

Flygel

Flygel i kultursalen skal berre nyttast etter avtale med kulturhusleiar

Skade / manglar

Skade eller manglar som vert oppdaga før arrangement tek til, må meldast frå om omgåande. Leigetakar er ansvarleg for skade på bygg eller utstyr som skuldast hærverk eller uforsiktig framferd.

Vakter

Vakter som vert brukt under arrangement i Stryn kulturhus må vere over 20 år. Arrangør og vakter pliktar å gjere seg kjend med gjeldande branninstruks og rømmingsvegar for kulturhuset.

Opningstid

Kontortid	0800-1530
Leigetid	0800-2300 (måndag, onsdag, torsdag, fredag)
	0800-1600 (tysdag)
	1000-2300 (laurdag-søndag)



LEIGE AV STRYN KULTURHUS – KOMMUNALE DRIFTSEININGAR

Tonning skule

- Øving og framføring på scena etter avtale og utan hjelp frå personalet – Gratis
- Bruk av utstyr, personal/vaktmeister/teknisk hjelp – Vedteken leigepris
- Øving / framsyning i kultursal kan ikkje gjennomførast på dagar kulturhuset har kino eller andre inntektsgjevande arrangement . Kontakt kulturhusleiar tidleg og seinast 2 veker før for avtale
- Leige av rom til private klassefestar o.l. – Leigepris etter vedtekne satsar
- Elles gjeld generelle vilkår for leige i kulturhuset

Andre kommunale driftseiningar

- Generelle vilkår er gjeldande